



HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
ØKONOMIAVDELINGA - EIGEDOMSSEKSJONEN  
V/ HELGE HAAVARDTUN  
POSTBOKS 7900  
5020 BERGEN

Vår ref.: 2014/ 056/STS

Dykkar ref.

Skulestadmo: 17.03.2014

### SØKNAD VEDK MIDLAR TIL OPPRUSTING AV FYLKESKOMMUNALE GARDSBRUK 2014

Viser til telefonsamtale med Bjarte Molvik (10.03.14) vedk søknad om midlar til opprustning av fylkeskommunale gardsbruk 2014

Etter synfaring og møte med avdelingsleiar for skulegarden Harald Skjoldli; fremjar eg fylgjande prioriterte tiltak frå Voss jordbrukskule:

#### Prioritering av utstyr :

1. **Gjødselvogn** kr. 130.00.- : *Skulen sine nære jordbruksområde minkar, og det gjer at meir av gjødsla må transporterast bort. Skulen har pr dato kun ei gml vakumvogn, og me treng større kapasitet for å få ut gjødsla til våre leigeområder innafor ei rimeleg tid. Det er mykje transport ut frå skulen og til områda som ligg med 10-15 min køyring ein veg.*
2. **Skiveslåmaskin** kr. 172.000.- : *Skulen har i dei siste åra ikkje hatt eige skiveslåmaskin, me har leigd inn maskin til dette arbeidet. Dette vil me endra på, gjera denne prosessen sjølve med elevar og fagarbeidar, Då treng me ei skiveslåmaskin som har den rette dimensjonen i høve til å leggja graset slik at me kan bruka vår nye grasballe-maskin til å gjera sluttarbeidet med graset vårt.*
3. **Såmaskin** kr. 120.000.- : *Skulen har ei såmaskin som er utgått på dato og ustabil i bruk, og me treng sårt ei ny som kan gje oss eit såresultat som held nivå.*
4. **Slodd** kr. 28.000.- : *Denne er svært utsliten, og den har ei skeiv ramma. Treng difor ei ny slodde*
5. **Kunstgjødselspreiar** kr. 70.000,-: *Skulen har ein eldre spreiar som har liten kapasitet, har ein trykkskade på behaldaren og den kastar ikkje lenger kunstgjødsla ut med god symmetri. Det er difor me har behov for ein spreiar med større kapasitet og som fordeler betre.*

**Utbetringar på skulen sine stølar; Preststølen – Brekkedalsstølen ;**

Ved skulen sine stølar, både Preststølen og ved stølen i Brekkedalen , er det nødvendig med innvendige utbetringar for at stølane skal kunna brukast dei næraste åra.

**Kostnad: kr 80.000.-**

**Med helsing**

**Voss jordbruksskule**

**Svein Inge Styve**

**Rektor**

**Kopi: Harald Skjoldli; avd gard  
Svein Inge Kolve; ass rektor**